

Ronny Vatle Lilletvedt  
Skulegata 6  
5722 Dalekvam

Vaksdal kommune  
Sambunnsutvikling  
Konsul Jebsensgt 16

5722 Dalekvam

19.06.2019

**Klage på vedtak om buplikt. Delegert vedtak 85/2019.**

**Sak 19/483.**

Visar til min søknad om konsesjon ved erverv av landbrukseigedom gnr. 41, bnr. 1 på Kaland ved Stamnes i Vaksdal kommune. Eg klagar med dette på vedtaket om fritak for buplikt, motatt 03.06.19.

I søknaden vart det kryssa av for at eg pliktar å busetja med på eigedommen.

Buplikt er særskild viktig for eigedommen, det vil gjera det mykje meir forpliktande i forhold til å setja i stand gårdbruket. Landbrukseigedommen har store vedlikehaldsetterslep, både på bygningar og areal. Det vil og vera lettare å utføra det daglege vedlikehaldet og halda i stand matjorda og ha husdyra mine her.

Vaksdal kommune har ein strategi som sei at det bør krevjast buplikt på landbrukseigedommar. Visar og til kommuneplan med mål om folketalsauke.

Vist ein skal oppretthalda busetjinga i dette området er det viktig at det er fastbuande på eigedommen.

Det har i seinare år blitt seld ein del bustader/småbruk i området til fritidsbustader. Det har ein del negative konsekvensar for bygda. Antall fastbunade vert redusert og det går ut over skule, barnehage og butikk. På sikt vil det vera med på å svekka grunnlaget for bygda sin eksistens.

Bygda treng fleire som vil busett seg her og driv dei landbrukseigedommane som ligg her og har livnært folk i generasjonar. Drifta og beitande husdyr er til stor nytte for kulturlandskapet og trivselen i bygda.

Vonar på positiv handsaming!

Med venleg helsing

Ronny V. Lilletvedt.